

Mjølkedronninga frå DDR

Sibylle er oppvaksen i Aust – Tyskland, i landlege omgjevnader i byen Brandenburg, nokre mil vest for Berlin. Mormora hadde ein liten gard litt sør for byen, og ho hadde mange slag dyr, mellom anna griser, som Sibylle fekk beskjed om å passe seg for: dei kunne bite. Etter det har ho hatt den største respekt for store purker. Men ho jobbar med saka! Mjølkekyr, derimot, har ho arbeidd med i heile sitt yrkesliv. Etter 10 år grunnskule gjekk ho 2 år på yrkesskule med landbruksfag, og starta so i arbeid på eit stort kollektivbruk då ho var 17 år. 4 røktarar delte på å mjølke 240 kyr. 60 kyr kvar, morgon og kveld – i vanleg (men ikkje reint lite) båsfjøs. Dei 4 røktarane delte på ein vanleg 5 dagar på og 2 dagar fri turnus.

So etter nokre år fall muren, og aust og vest gjekk i hop. Sibylle heldt fram med å mjølke kyr, men ting endra seg: Heile bu-skapan vart flytta til andre sida av småbyen Golzow (sør for Brandenburg) til eit mykje større anlegg – med over 1000 mjølkekyr. Traktorar og maskinpark og bygningar vart modernisert då dei kom med i det sameinte Tyskland, og det vart lausdrift med fiskebeinsmjølkestall. Sibylle fekk ansvar for sjukeavdeling og kalvar – i lag med ein røktar til. Men det vart på mange vis hardare arbeidsdagar då ho vart med i den vestlege verda: No delte dei to røktarane dagen med kvar sitt skift morgon og kveld, og dei arbeidde turnus med 13 dagar på og 1 dag fri – kontinuerleg året rundt. Det er òg tydeleg at avløyssar-yrket ikkje er av dei høgast løna i Tyskland heller: Sibylle hadde i alle år 9 Euro (om lag kr. 90,- NOK) brutto i timen – men ho fekk til slutt "krangla" seg til eit tillegg på 1 Euro, slik at siste to åra ho arbeidde i Tyskland hadde ho 10 Euro i timen. Men ho gjekk ei 30 år lang yrkeskarriere som røkter på "mjølkefabrikk" i Tyskland mot slutten.



Sibylle har vorte kåra til Mjølkedronning fleire gonger i sin delstat Brandenburg i Tyskland, og vunne fyrstepremie i fleire konkurransar i mjølking!

Det var kjærleiken til landskapet, og til den norske folkesjela, som drog ho mot Noreg. Etter mange feriereiser hit opp gjennom åra, lukkast det endeleg i 2014 å busette seg her i landet på fast basis. Ho hamna i Gulen i Sogn og Fjordane, med å slakte laks hos Slakteriet Brekke AS. Attåt fekk ho heldigvis arbeide med sine kjære kyr, som avløyssar for tre mjølkebønder i området.

So var det kjærleiken til ein Sunnmøring som gjorde at ho i år hamna i Hjørungavåg, og som gjorde at mjølkeprodusentane her på søre Sunnmøre no kan få nytte seg av hennar gode kompetanse og røynsle som avløyssar.

Ein må kunne seie at gardsbruka og dyretalet er noko mindre her i området enn ho er van med, men arbeidsdagen kan òg verte lang om du reknar med køyretid til og frå fjøs. Ikkje nokon tvil om at det vert lengre mellom fjøsa her på våre kantar òg. I desse dagar har Sibylle oppdrag med å mjølke kyr og føre og stelle gris på Vartdal, og det vert ein liten time å køyre heimafrå kvar veg. Det vert fire timar i bil og rundt seks timar i fjøs kvar dag. Men å mjølke kyr har Sibylle gjort i snart 35 år, og det vil ho gjerne halde på med vidare i livet sitt.

